

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: Kommunehuset
Møtedato: 31.08.04 **Tid:** 15.00-17.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett 18.08.04.
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Pedagogisk konsulent Karin Steinsland til kl. 16.00, og
Flyktningkonsulent Eva Hellevang frå 16.00- 17.00
Ordførar Marit Aase frå 15.45 – 16.30

Merknader:

Liv Berit Khadoor kom til møtet kl. 16.35 og deltok under handsaming av sak 12-13/04.
Magda Haugen leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 8. september 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent slik den ligg føre.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokoll frå førre møte vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Audhild Aadland stilte spørsmål om korleis ein bør gå fram for å få etablert leikeplass på Bjørkheim. Ass.adm.sjef oppmoda dei om å ta kontakt med kommunen og leggje fram eit forslag på plassering. Reguleringsplanen på Bjørkheim er framleis under arbeid og forslaget kan takast inn i den prosessen.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Pedagogisk konsulent Karin Steinsland og ordførar frå Singowet, Salomon Tum, orienterte om vennskapssamarbeidet mellom Samnanger og Singowet i Kenya. Samarbeidet er eit utvekslingsprogram mellom likeverdige parter finansiert med tilskot frå Fredskorpset.

Ass.adm.sjef orienterte om Fylkesmannen sitt tilsyn i barnevernet i juni. Fylkesmannen fant to avvik under besøket som kommunen har retta opp. Eit av avvika gjekk på brot på teieplikta i høve til rutine på å tilbakemelde til offentleg meldar om deira meldinga førte til oppstart/bortlegging av undersøking. Det andre avviket var i høve til delegasjonsreglementet. Kommunestyret skal delegere hovudansvaret direkte til barnevernansvarleg i kommunen. Sosialeiar er øvste leiar av barnevernet og ikkje rådmannen.

Flyktningkonsulent Eva Hellevang orienterte om introduksjonsordninga som trer i kraft 01.09.04. Målet med ordninga er å gje nye innvandraran eit kvalifiseringsprogram som gjev dei større høve til å komme inn på arbeidsmarknaden og bli økonomisk uavhengig offentleg stønad. Samnanger kommune skal lage individuelle planer for kvar person for deltaking i yrkeslivet og på opplæring i norsk med samfunnskunnskap. Pr. i dag er det berre to av innvandraran i Samnanger som har rett til denne ordninga. Ordføraren oppmoda medlemmene i utvalet til å ta initiativ og invitere innvandraran inn i dei sosiale nettverk der dette er mogleg.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0012/04	04/00033 TILLEGGSLØYVING - BRUK AV FOND TIL KULTURPRIS
0013/04	04/00340 FOSTERHEIMSPLAN

0012/04

TILLEGGSLØYVING - BRUK AV FOND TIL KULTURPRIS

Framlegg til vedtak::

Oppvekst og omsorg løyver inntil kr. 15.000,- til kjøp av nytt opplag av kulturprisar. Summen vert dekkja av fondsmidlar avsett i samband med barne og ungdomsplanen. Knt. 251.20.546.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg løyver inntil kr. 15.000,- til kjøp av nytt opplag av kulturprisar. Summen vert dekkja av fondsmidlar avsett i samband med barne og ungdomsplanen. Knt. 251.20.546.

0013/04

FOSTERHEIMSPLAN

Framlegg til vedtak::

Oppvekst og omsorgsutvalet sluttar seg til forsterheimsplan for Samnanger kommune dagsett 24.08.04.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke med følgjande presisering i mål 8: Sosialeiar har ansvar for at planen til ein kvar tid er i tråd med gjeldande lovar og reglar. Utvalet evaluerar planen ein gong pr. valperiode.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg utvalet sluttar seg til forsterheimsplan for Samnanger kommune dagsett 24.08.04. Sosialeiar har ansvar for at planen til ein kvar tid er i tråd med gjeldande lovar og reglar. Utvalet evaluerar planen ein gong pr. valperiode.